

# TANTE ULRIKKES VEI

## STUDIEMATERIELL

Produsert av Det Norske Teatret.  
På turné med Riksteatret våren 2020.



# Å REPRESENTERE

To guitar veks opp i Tante Ulrikkes vei på Stovner i Oslo på byrjinga av 2000-talet. Den eine kjem frå det vi kan kalle ein god heim, den andre har ein meir utfordrande heimesituasjon. Dei gjer begge så godt dei kan, men går likevel ei usikker framtid i møte.

*Tante Ulrikkes vei* er forteljinga om Mo og Jamal, som bur i same oppgang, men har svært ulike liv. Det handlar om kjærleik, ungdomsliv og det å prøve å forstå storsamfunnet. Og det handlar ikkje minst om klasse og den politiske og politisk korrekte eliten si blindsone.

Boka *Tante Ulrikkes vei* var debutromanen til Zeshan Shakar. I 2019 blei historia til teater, og hadde premiere på Rommen Scene i Groruddalen.

I dette studiemateriellet får du ein inngang til framsyninga og utdrag frå både boka og teatermanuset. I tillegg er det oppgåver for faga norsk, samfunnsfag og KRLE. Oppgåvene er tilpassa undervisningsmål etter 10. trinn. Studiemateriellet er laga i samarbeid med Gyldendal Undervisning.

Vi håper studiemateriellet kan inspirere undervisninga og gjere teaterbesøket meir givande.

## Beste helsing

**Erlend Tårnesvik Dreiås**  
*formidling- og pedagogisk ansvarleg*  
- Det Norske Teatret

## TA KONTAKT

Vi ønskjer heile tida å bli betre. Derfor tek vi gjerne imot tilbakemeldingar, kommentarar og spørsmål. Dette kan både gjelde framsyninga du har sett, dette studiemateriellet, eller generelle kommentarar.

Skriv til: [skole@detnorsketeatret.no](mailto:skole@detnorsketeatret.no)  
eller ring 22473872.



## GALLERI


DET NORSKE TEATRET  
TANTE ULRIKKES VEI



Foto: Julie Pike/Gyldendal

## ZESHAN SHAKAR

Zeshan Shakar (f. 1982 i Oslo) vaks opp på Stovner i Oslo. Han er utdanna statsvitar, og har også studert økonomi på BI. Shakar har arbeidd i ulike departement, direktorat og no Oslo kommune. Han debuterte hausten 2017 med romanen *Tante Ulrikkes vei*.



## MEDVERKANDE I FRAMSYNINGA



GAUTE ADELA  
AASTORP CUDJOE



MANISH  
SHARMA



THOMAS  
BIPIN OLSEN



RAGNHILD  
MELING ENOKSEN

### FOTO/ILLUTRASJON

Foto frå framsyninga: Dag Jenssen  
Bokomslag: Gyldendal

Regissør: Victoria Meirik  
Scenograf og kostymedesignar: Unni Walstad  
Lysdesignar: Gyril Høgberg  
Dramaturg: Carl Morten Amundsen

**DET NORSKE TEATRET  
TANTE ULRIKKES VEI**



Tante Ulrikkes vei er ei gate i bydel Stovner i Groruddalen.

Groruddalen er fellesnemning for dei nordaustre bydelane i Oslo: Bjerke, Alna, Grorud og Stovner. Groruddalen er avgrensa av Østmarka i aust, Gjelleråsmarka i nord, Lillomarka i vest, og ei tenkt linje omtrent frå Bjerke via Økern til Bryn i sør.

**ROMMEN SCENE**

I januar 2019 starta Det Norske Teatret å spele teater på Rommen scene i Groruddalen. *Tante Ulrikkes vei* hadde premiere på denne scenen i august 2019. Rommen scene ligg rett ved gata Tante Ulrikkes vei.

# KOMPETANSEMÅL<sup>o</sup>

## LÆREPLAN I NORSK

**Kompetansemål i norsk munnleg og skriftleg kommunikasjon, og språk, litteratur og kultur.**

Etter 10. trinn er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- lese og analysere eit breitt utval av tekstar i ulike sjangrar og medium på nynorsk og bokmål og formidle moglege tolkingar
- kjenne att verkemiddla humor, ironi, kontrastar og samanlikningar, symbol og språklege bilete og bruke nokre av dei i eigne tekstar
- skrive kreative, informative, refleksjonerende og argumenterande tekstar på hovudmål og sidemål med grunngjevne synspunkt og tilpassa føremålet, mottakaren og mediet

På vidaregåande skole i det studieførebuande utdanningsprogrammet er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- gjere greie for argumentasjonen i tekstane til andre, og skrive eigne argumenterande tekstar på hovudmål og sidemål (VG1)
- skrive kreative tekstar på hovudmål og sidemål og bruke språklege verkemiddel i dei (VG1)
- lese og analysere tekstar på nynorsk og bokmål i ulike sjangrar, og ta stilling til spørsmål tekstane tek opp, og verdiar dei representerer (VG2)
- skrive kreative, informative og argumenterande tekstar, utgreiningar, litterære tolkingar, drøftingar og andre resonnerande tekstar på hovudmål og sidemål (VG2)
- skrive kreative, informative og resonnerande tekstar, litterære tolkingar og retoriske analysar på hovudmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglege tekstar (VG3)
- analysere, tolke og samanlikne eit utval av sentrale norske og nokre internasjonale tekstar frå ulike litterære tradisjonar frå romantikken til i dag, og setje dei inn i ein kulturhistorisk samanheng (VG3)

## LÆREPLAN I KRISTENDOM, RELIGION, LIVSSYN OG ETIKK (KRLE)

**Kompetansemål i kristendom, religion, livssyn og etikk.**

Etter 10. trinn er mål for opplæringa at eleven skal kunne

- reflektere over filosofiske tema knytt til identitet og livstolking, natur og kultur, liv og død, rett og gale
- drøfte etiske spørsmål knytt til menneskeverd og menneskerettar, likeverd og likestilling, mellom anna ved å ta utgangspunkt i kjende førebilde

# OPPGÅVER

## Oppgåve 1 - Førlesing

- Vi seier gjerne at *Tante Ulrikkes vei* er ein oppvekstroman. Kva er det? Skriv ei eiga forklaring eller søk etter ein definisjon.
- Miljøet i boka er lagt til bydelen Stovner i Groruddalen i Oslo tidleg på 2000-talet. Søk og finn fakta om dette området. Noter ned fem funn og finn tre bilde. Hugs å få med kjelder!
- I boka følger vi to guitar, Jamal og Mo, som er med i eit forskingsprosjekt om «Kartlegging av kvardagen til unge i Groruddalen». Kvifor trur du akkurat dette er interessant å forske på?
- Lytt til korleis Jamal presenterer seg for forskaren i opningsteksten av romanen. (Det er forfattaren som les.) <https://www.gyldendal.no/Skjønnlitteratur/Podcast/Radio-Gyldental/Sniklytt-til-debutant-Zeshan-Shakar>
- Lag ein kort personkarakteristikk av Jamal og samanlikn med det ein annan i klassen har skrive.



### Podcast:

Høyr forfattar Zeshan Shakar lese utfrag frå romanen på Radio Gyldendal.


## Oppgåve 2 - Sjølvpresentasjon

Tenk deg at du er med i eit forskingsprosjekt. Hensikta er å kartlegge kvardagen til ungdom i ditt nærområde. Kva ville du fortalt om?

Skriv teksten først, og spel den så inn på ei lydfil. Vel gjerne ord og uttrykksmåtar som er naturleg for måten du snakkar på til vanleg.

Tips til innhold i presentasjonen:

- Heimen og familien din
- Skildring av nærmiljøet ditt – (positivt og negativt)
- Skolen du går på
- Interessene dine og kva du er oppteken av i kvardagen
- Venane dine og kva de brukar å gjere saman.



### Fasit oppgåve 3:

potet = etnisk nordmann,  
tæz = dårleg/kjip,  
avor = stikke/dra,  
tishar = dritsekk,

kæbe = jente,

schpaa = bra,

sjofe = sjå,

tæsje = lure/svindle,

kæze = banke opp

## Oppgåve 3 - Ord og uttrykk på kebabnorsk

Den eine av hovudpersonane i *Tante Ulrikkes vei* snakkar i ein såkalla multietnolektisk språkstil. Det vil seie å blande ord og uttrykk frå ulike innvandrarspråk. Kor godt kjenner du til ord og uttrykk frå denne språkstilen, populært kalla kebabnorsk?

Veit du kva desse orda betyr?

- potet, tæz, avor, tishar, kæbe, schpaa, sjofe, tæsje, kæze

#### Oppgåve 4 - TEKST I KONTEKST

Ein tekst blir alltid til i ein samanheng, og ved å få kunnskap om denne samanhengen (konteksten) kan vi få ei utvida forståing for teksten. Les utdraget nedanfor og vurder deretter korleis språket og dei kulturelle referansane kan fortelje noko om denne romanens kontekst.

Les tekstuddraget med fokus på den språkhistoriske konteksten.

1. Studer den multietnolektiske språkbruken i teksten. Kva skil denne frå vanleg norsk? Sjå på ordval, grammatikk og setningsstruktur. Skriv ned minst fem eksempel og samanlikn funna dine med funn til ein medelev.
2. Vel påstanden under som du er mest einig i. Kom med eksempel som underbyggjer påstanden frå tekstuddraget. Legg gjerne også til andre eksempel du kjenner til.
  - I vår tid brukar vi så mange engelske ord og uttrykk at ein kan bli redd for om norsk vil overleve.
  - I vår tid er det mange ungdommar som bannar utan å bry seg om at det ikkje er pent.
  - I vår tid har vi stor språkleg rikdom i Noreg fordi språkbrukarane blir påverka av mange verdsspråk.

#### UTDRAG FRÅ BOKA

*Jeg digger hiphop, skjønner du? Hele greia. For lenge sia jeg digga det. Fra jeg var, jeg veit ikke, liksom når vi var barn vi hørte på MC Hammer og dem greiene der, men jeg veit ikke, når jeg var tolv eller no sånn, nei, kanskje elleve, da jeg var hjemme hos Rashid kompisen min, og storebroren hans, Mustafa, han er liksom fire år mere enn oss, og meste av tida han pleier å være tishar mot oss og kjefte for alt mulig. Si sånn, gå ut og snakk, dere forstyrrer meg, eller, dere veit ikke hva dere snakker om. Og jeg kan ikke si neit til han fordi han er storebror til kompisen min, og liksom, han hadde kæza meg lett også. Noen ganger jeg har vært der og sjøfa han kæzer Rashid hvis Rashid er litt for mye frekk eller no. Men uansett, da han sitter på rommen dems med en stereo og viser en album til oss, bare: «Gutta, jeg sier til dere ass, det her er den heftigste musikken som fins nå.» Og vi sjøfer på albumen liksom, det er sånn kung fu-folk på coveren og navnet på den er Enter the Wu-Tang. Vi tenkte sånn, hva faen, hva er det her a? Er det chippermusikk? Men da han setter den på ... Det var så heftig, du veit ikke. Jeg sverger, mann, jeg sitter her nå med sånn prikk på huden, bare jeg tenker på det, skjønner du? Liksom, ghettoen blæsta ut fra den stereoen ass. Det var så jævla real ass, skjønner du hva jeg mener?*

Les utdraget med fokus på den kulturhistoriske konteksten.

1. Frå kva del av verda finn desse gutane musikk dei liker? Er det typisk for vår tid at vi blir inspirert av musikk, film, mat og mote frå denne verdsdelen?
2. Er det andre land eller verdsdalar du tenkjer påverkar kulturen til norsk ungdom i dag? Vis med eksempel frå mote, film, musikk, mat osb.
3. Er det delar av teksten som fortel deg at desse gutane har vaks opp i eit fleirkulturelt miljø? Kvifor er det viktig at tekstar i vår tid skildrar fleirkulturelle miljø?



**Holmgang** var eit debattprogram som gjekk på TV2 frå 1998-2008 med Oddvar Stenstrøm (bildet) som programleiar.

#### Oppgåve 5 - Media sin påverking på identitet og sjølvbilde

Kva gjer det med sjølvbildet ditt når minoritetskulturen du tilhører, blir framstilt negativt i media?

Trinn 1: Sett deg inn i situasjonskonteksten

- Handlinga i *Tante Ulrikkes vei* er lagt til perioden 2001-2006, ein periode som i internasjonal politikk og media var prega av krigen mot terror. Finn ut bakgrunnen for denne krigen, kven var involvert, og kva rolle Noreg spelte. Noter ned funna dine.
- Tekstutdraget du snart skal lese, inneheld ein del referansar til kjente personar og hendingar frå denne perioden. Før du les teksten, finn ut meir om desse:

George W. Bush, London 7. juli 2005, Jean Marie Le Pen, Pia Kjærsgaard, Carl I. Hagen, Hege Storhaug, Osama Bin Laden, Mulla Omar, Mulla Krekar

Trinn 2: Inn i teksten

Les tekstutdraget frå *Tante Ulrikkes vei* på neste side.

- Bruk det du veit om situasjonskonteksten til å skrive eit kort referat av kva slags saker Mo heng seg opp i.
- «Nettroll som ikke blir til stein selv om sola Skinner gjennom vinduet.», skriv Mo i e-posten til forskaren. Kva meiner han med denne metaforen?
- Korleis blir Mo påverka av det han les? Prøv å grunngje med konkrete eksempler frå teksten.

Del 3: Diskuter i grupper

- Kva gjer det med identiteten din når minoritetskulturen du tilhører utelukkande blir framstilt negativt i media?
- Kan slik einsidig negativ medievinkling føre til meir rasisme og stigmatisering av menneske med innvandrarbakgrunn? Korleis kan vi eventuelt førebygge dette?
- Kor synest de grensa bør gå for kva ein kan ytre seg om i kommentarfelt?

**DET NORSKE TEATRET  
TANTE ULRIKKES VEI**

UTDRAG FRÅ BOKA

Fra: Mo mo.1@hotmail.com

Sendt: 8. august 2005

Til: Lars Bakken lars.bakken@nova.no

Emne: Kartlegging av hverdagen til unge i Groruddalen

*Holmgang var bare den første av det som hadde blitt mange kvelder foran tv-en, eller pc-en, eller en avis. Nyhetssaker. Kronikker. Aktualitetsprogrammer. Kommentarfelt. Jeg hiver i meg alt jeg kan finne. Alt som handler om meg.*

*De samme bildene er her fortsatt, fire år etter. Bush som ser alvorlig inn i kamera og snakker sakte. Ørken og fjell og støvete byer og raketter som slår ned i dem. Nye bilder kommer til og legger seg oppå de gamle. Bomber som går av i London og gjør at jeg ikke tør å gå med veska mi på T-banen og bussen lenger, jeg tar heller notisblokka og pennen i jakkelomma. En asylsøker som dreper legen sin. En rapport som sier at fire av fem innvandrere har slått barna sine. En annen som sier de blir diskriminert i arbeidslivet. Et hakekors tegna på den ene veggen som står igjen etter en nedbrent kebabsjappe. Nettroll som ikke blir til stein selv om sola skinner gjennom vinduet. Le Pen, Skjærsgård, Hagen, Storhaug, Bin Laden, Mulla Omar, Mulla Krekar, lederartikler, leserinnlegg, nyhetssaker.*

*Jeg aner ikke hva jeg driver med.*

*Jeg plager meg selv. Med vilje. For å rydde opp, egentlig. Jeg tenkte jeg kunne klare å stagge det, at jeg var sterkt nok til det nå, mye sterkere enn før. Jeg vet ikke, jeg tror jeg ikke er det. For de holder igjen. De bare pøser på. Jeg mener, bare se på alle treffene jeg fikk på Google i stad. Det tok 0,45 sekunder å finne det.*

Norge + nordmenn 601 087

Norge + innvander 923 641

Norge + muslim 1 187 331

*Dag etter dag pøser de på. Alle sammen. Hele tida. De vet ingenting om hvordan det er å sitte foran tv-en i en leilighet på Stovner der alt renner inn.*

*Ingenting er rydda opp. Det er bare mer søk. Men jeg klarer ikke la være å forsøke å rydde heller.*

*Jeg tenker på det hele tida nå.*

*«Husker du da du pleide prate hele tida om alt du gjorde på universitetet?» sa moren min en kveld. «Det var hyggelig.»*

*Jeg kunne sagt noe til henne da. Fortalt henne om alt. Eller jeg kunne sagt det til faren min som satt like ved. Men jeg får meg ikke til det.*

*Jeg orker ikke. Ikke bekymringene de kommer til å tre over meg, eller løsningene til faren min. Jeg kan høre han allerede. «Det her går bra. Ingen problem.»*

*Jeg tenker på statsministeren noen ganger. Når det renner inn som verst, da forsøker jeg å ta meg selv helt tilbake, til da jeg sto ansikt til ansikt med han. Jeg prøver å la stemmen og ordene hans lede alt bort. Det hjelper. For en stund. Til jeg ser han igjen, som jeg så han på Holmgang.*

## Oppgåve 6 - SKRIV TEATERKRITIKK

Ein teaterkritikk skal både beskrive handling og tema i framsyninga og diskutere korleis dette er løyst på scenen. Til slutt er det ein konklusjon som vurderer om handling og tema er behandla på ein god måte, som enkeltelement og i heilskapen.

Var det ei god framsyning? Kvifor – kvifor ikkje? Viss ein kritikk skal vere interessant for andre å lese, er det viktig ikkje å berre skrive «god» eller «dårleg», men prøve å forklare for lesaren kva som var bra eller dårlig. Fleire teaterkritikarar i avisene nyttar i dag terningkast. Det er ein visuell og effektiv måte for å vise fram den heilskaplege vurderinga. Men eit terningkast må stå saman med ein tekst som grunngjев korleis du landa på dette terningkastet.

Dei verkeleg gode teaterkritikkane er meir enn ei rein kvalitetsvurdering av framsyninga. Dei klarar kanskje å løfte diskusjonen om framsyninga inn i ein aktuell samfunnsdebatt og plassere teaterhendinga i ein større samanheng. Teater er augneblikkskunst, og på denne måten kan ein vise korleis framsyninga kan opplevast her og no.

### DEL 1: Beskriving

- Kva handlar stykket om? (skriv eit kort resymé)
- Kva for tema eller problemstillingar vil du seie er viktige i denne framsyninga?
- Veit du noko om forfattaren, iscenesetjinga eller teksten som kan vere relevant å ta med?
- Kven hadde regien?
- Beskriv scenerommet og korleis dette blei brukt.

### DEL 2: Diskusjon

Vurder dei ulike komponentane på scenen. Her treng ein ikkje å ta med alt, men det ein synest er vesentleg å diskutere. T.d. har nokre framsyningar ein scenografi som utmerkar seg positivt eller negativt. Spelemåte og manus kan vere andre vesentlege element å diskutere. Dette må du vurdere frå gong til gong. Kvart element kan vurderast i seg sjølv og i heilskapen. Diskuter korleis desse komponentane prega opplevinga, bodskapen og deg som publikummar. Her er tips til korleis du kan vurdere personane (rollene/skodeseplarane), scenografien og dramaturgien.

### Personane:

- Skriv ein karakteristikk av dei viktigaste personane i stykket.
- Korleis vil du beskrive forholdet mellom dei? Kva for fellestrek og kontrastar er det mellom dei?
- Endrar personane seg i løpet av framsyninga (dynamiske). Kva er det som eventuelt gjer at dei endrar seg?
- Kva for bipersonar møter vi, og kva for rolle speler dei i framsyninga?
- Legg merke til korleis karakterane blir framstilt. Det er mykje som kan

forteljast med kostyme, kroppsspråk, språkbruk, lys og musikk.

Scenografi:

- Kva for verkemiddel er brukt for å framstille miljøet? Korleis er scenen utforma for at vi skal bli betre kjent med staden handlinga utspelet seg og tida det skjer i?
- Kva for funksjon har bruken av lys, lyd og musikk?

Dramaturgi:

- Korleis er handlinga bygd opp? Er ho kronologisk, er det tilbakeblikk og parallelhistorier?
- Bygger framsyninga opp mot eit høgde- eller vendepunkt? Korleis er avsluttinga?

DEL 3: Vurdering

Til sist skal du komme med ei vurdering og trekke fram dei viktigaste funna frå analysen din. Kva tykkjer du om framsyninga under eitt? Kva dreg opp, kva dreg ned? Blei tematikken behandla på ein god måte? Er dette ei relevant framsyning å vise i vår tid? Går framsyninga inn i ein aktuell samfunnsdebatt? Kven passar ho for?

Til sist kan du trille eit terningkast, om du vil.

## UTDRAG

# UTDRAG 1 FRÅ MANUS

ROLLER: Mo, Jamal, Jenta

SCENE 2: Barnets verden

*Vi ser video av ansikter, fra Stovner som vokser frem av kassene. Tre skikkelse trer frem.*

### MO

Jeg likte å være barn her. Det var ikke noen blodråpe på et kart.

### JAMAL

Blokkene var boliger. Tæggingen på T-banestasjonen var tegninger.

### MO

Trygdemottakerne, naboer. Alle de brune barna, venner. De hvite barna også. Jeg kan finne frem årbøker fra Barneskolen og peke på flere blant gutta og jentene i klassen. Christian. Stian. André, Thomas A. og Thomas N. Og jentene Helene, Lise og Trine.

På skolen skulle barn av regnbuen sammen leve. Det var kulturdager med mat fra alle verdenshjørner. Vi dro og besøkte moskeer, kirker og templer.

### JAMAL

På Rommensletta spilte vi fotball, alle sammen,

### MO

Og når vi var ferdig drakk vi det beste vannet i verden fra kranene på klubhuset til Rommen SK

### JENTA

og spiste bringebær i skrenten mot Fossumklubben.

### JAMAL

Hadde vi penger, kjøpte vi tjue Bugg på Vivo for en tier.

### MO

Jeg husker det.

### JENTA

Jeg husker det og. Bursdager med langbord dekka av girlandere, Turtles-pappkrus og sjokoladekaker med kokosstrø.

### MO

Snøballer og frosne fingertupper på vinteren, kongen på haugen på store brøytekanter og Nintendo hjemme hos André helt til han skulle spise middag og alle måtte gå.

Jeg tror det var sånn. Annerledes. Et annet Stovner. Et annet Norge. Og jeg var et barn.

*(Guttene står blandt kassene. Video til T.U.V blokker.  
Lyd av barnelek)*

### JAMAL

Mo, kom hit, a, du er på mitt lag.

### MO

Jamal og jeg vi spilte fotball sammen, i borettslaget, i skolegården eller nede på Rommensletta. Det spilte ingen rolle hvor det var, egentlig, han valgte alltid meg.

### JAMAL

High five. Hold kjeft,a slutt med dem øya. Han er god.


### MO

Jeg var ganske dårlig.

*(De bygger ned kassene til to søyler på siden hvor lærerne gjemmer seg, og Mo gjemmer seg blandt kassene i midten)*

## UTDRAG

DET NORSKE TEATRET  
TANTE ULRIKKES VEI



### UTDRAG 2 FRÅ MANUS

ROLLER: Mo, Jamal, Dame/jenta  
Scene: LILLE STOVNER

#### MO

Det her er blokka mi. Her bor jeg med foreldrene mine og to søsken. Asma, Aryan og Mohammed. Tre søsken og to foreldre i en treroms i Tante Ulrikkes vei.

#### JAMAL

T.U.V, du veit, representerer alltid, bor her med moren min og lillebroren min, Suleiman, eller vi sier bare Suli.

#### MO

Jeg fant ut at lærerne på Rommen ikke var alene.

#### JAMAL

De snakka om oss på nyhetene og skrev om oss i avisar.

#### MO

Om ungdomsgjenger som tvang nye rekrutter til å slå ned tilfeldig forbipasserende.

#### JAMAL

Om Blokk-Stovner.

#### JENTA

Damer i hijab og gutter i hettegensere.

#### MO

Hvor dårlige skolene var. Om attenåringer som ikke kunne lese engang. Jeg husker de begynte å si integrere. På Dagsrevyen. På nynorsk.

#### MO

«Fleire politikarar åtvarar no om at innvandrarar ikkje vert tilstrekkeleg integrerte.»

#### JAMAL

Høy tetthett av innvandrere.

#### DAME

Høy andel av skoledropouts.

#### JAMAL

Det kom folk til Stovner.

**MO**

Politikere og sosialarbeidere Jeg husker læreren vår sa vi hadde fått en spesiell gjest, og en liten dame med store briller kom inn og satte seg på kateteret.

**DAME**

Eg har kome hit i dag fordi eg gjerne ville fortelje dykk noko. Det er litt vondt, men likevel er det viktig å snakke om.

**MO**

Ansiktet hennes var alvorlig.

**DAME**

Det kan vere tøft å ikkje ha så god råd.

**MO**

Hun så akkurat ut som Mrs. Doubtfire.

**DAME**

Å ha dårlig råd kan gjøre foreldre litt slemme.

**MO**

Dagen etter gikk folk på skolen rundt og kalte hverandre fattiglus.

(*GUTTENE KALLER HVERANDRE FATTIGLUS*)

**MO**

Det jeg vokste opp med, forandra seg til noe fremmed, voksent og stygt, det var ingenting jeg kunne gjøre. Det ble til en mørkerød flekk på Aftenpostens kart over bydeler i Oslo. Som en dråpe blod har truffet avisapiret. Jeg så familiene til Tore, Andre, Lise, Per og andre barnefamilier bære pappesker og møbler inn i varebiler som flytta videre til andre byer, langt, langt borte.

**MO**

Hvor skal du?

**JENTA**

Jeg skal flytte vel.

(*Jenta tar kasser og begynner å sette dem i en haug*)

Ingen ville være med problembarnet.

Ikke engang Frelsesarmeens, som sto på senteret hver lørdag og sang om Jesus, selv de er borte nå.

(*Lyd av kassegitar og Wu Tang Clan.*)

(*Jenta tar kassen sin og forsvinner bak de andre kassene. Guttene bygger om boksene til en t-bane. Video av t-banen.*)





### UTDRAG 3 FRÅ MANUS

ROLLER: Maria, Mo, Stemmen, Jamal.

SCENE: Skudd på Stovner/Blæsta søstra/  
Æreskultur

MUSIKK - Hey Ya-Outkast

#### Scene: SKUDD PÅ STOVNER

(Maria kommer med en stor kasse som hun setter frem, hun har en sommerkjole på. Musikk ut, lyder av måkeskrik)

#### **MARIA**

Voila. Her. Sommerhuset til bestemor og bestefar. Ingen har vært her siden i høst.

#### **MO**

Skal vi bade?

Sola var på hell og dansa i krusningene på fjorden. Vi var lette. Som om vi kunne fly med måkkene og ingenting kunne bli tungt.

#### **MARIA**

Jeg går inn og fyrer opp i peisen.

#### **MO**

Ok.Jeg må bare ringe faren min.

#### **FAR**

Mohammed, hvor er du?

#### **MO**

Jeg feirer at eksamen har gått bra, med noen venner.

#### **FAR**

Når kommer du hjem? Mamma har laget mat.

#### **MO**

Er med han kompisen Mikael, du vet, han bor ved Blindern, du vet rett ved Universitet. Så jeg sover over her. Babba? Han grynta, men sa ikke noe og la på.

#### **MARIA**

Hvorfor står du der? Hva er det med deg?

**MO**

Jeg er bare glad. Skulle ønske vi kunne vært her lenger.

**MARIA**

Vi kan jo dra på ferie, bare vi.

**MO**

Ja, det gjør vi.

(*Hun reiser seg opp stryker han over håret. Lyden av et smell*)

**MO**

Samme natta smalt et skudd på Stovner. Lyden vekka naboene, som ringte politiet. Fem minutter senere kom første patrulje. De lette ikke lenge. En mann satt utafor blokka si med armene i været og en pistol på bakken foran seg.

**MARIA**

Jeg skal flytte. Til Bislett. Jeg flytter til høsten. Det er ikke så stort. Men det blir fint. Jeg lover at du får komme når du vil.

**MO**

På T-banen hjem fløt jeg og jeg tenkte på Bislett, på en leilighet for oss selv, på alt som lå an til å bli enda mer, enda bedre, bra. Da jeg kom til Tante Ulrikkes Vei, passerte jeg en gruppe jenter som holdt armene rundt hverandre. Og gråt. En glødende sneip landa på bakken rett foran meg. Jamal hang ut av vinduet seks etasjer over. Og vinket til meg.

**JAMAL**

Plaffa hun ass. Helt gæren.

**Scene: BLÆSTA SØSTRA****STEMMEN****HATETS HOVUDKARTER**

Ulykkelig kjærlighet. En 17 åring som var sammen med en som familien mislikte. En familie som ikke respekterte det, og en bror som tilslutt skjøt henne.

**MO**

Det er kortversjonen. Nrk Og Tv2 sin historie. Ikke den som går på Stovner.

**JAMAL**

Det er sykt, ass, Blæste ned søstra si, liksom?

**MO**

Hun som ble skutt, var Farah. Han som skjøt, var broren hennes. Skuddet var mot tinningen, på kloss hold. De sier blod skal ha spruta ut på veggene i leiligheten.

Hun var overalt, tv, avisar, ute på gata.

**JAMAL**

Hva trodde hun, liksom? At dem skal si: «Ja, ok, bare knull han så masse du vil.» Hun visste det, skjønner du? Hun visste hun dissa familien sin så jævlig heftig med han søpla der.

Han er skitten, jeg sier til deg. vi har hustla litt, men vi har ikke gjort sånn skitne ting. Tæsje folk med dårlig keef og si det er boblings. Sånn være colafjern og true foreldra til dama di med gunner. Fuck sånt søppel.

Og fuck hun Farah også, ass.

Du veit, det finnes grense for ting. Hun bedde om bråk, og da hun får bråk. Men liksom, Rash er litt mer gæren enn meg da. Han bare: «Egentlig, ass, jeg skjønner litt at dem blæsta hun.»

**Scene: ÅRESKULTUR****MARIA**

Kjipt, det med Farah. Forferdelig. Jeg får frysninger.

**MO**

Jeg vet. Skikkelig kjipt.

Selv om jeg har prøvd, tro meg, har det vært umulig å unngå Farah. Jeg har løpt sikksakk mellom mye, men hver eneste gang jeg har skrudd på en TV eller passert en avis, har hun vært der å stirra på meg.

Ta henne vekk. Hører dere? Hvorfor valgte du den idiotiske kjæresten og ble skutt i min bydel?

**MARIA**

Kjente du henne?

**MO**

Nei.

Jeg håper ikke Maria går rundt og tenker like mye på Farah som jeg gjør. Kanskje hun tror at familien min en dag skal skyte henne ned eller noe.

Eller at jeg skal gjøre det.

At jeg er en annen, en som bare later som.

**STEMMEN**

DРАBАНТBYEN SOM DREP, Vitner fortel.

**MO**

Carl I. Hagen sa til TV2 at de har advart mot dette i mange år. Han sa det var FrP som var opptatt av muslimske jenters beste i dette landet. Plutselig kom det kronikker om hvordan man skulle ta knekken på ukultur i innvandrermiljøer.

For noe tøv sa faren min. Har ingenting med oss å gjøre.

Tror de virkelig jeg kan drepe mitt eget barn?  
Hvisket moren min.

